

ÅRSMELDING FOR STRANDA SOGELAG 2019

Styret har i perioden vore:

Jens Arne Hessegerde, leiar
Harald Lied
Fredmøy Wollen
Ola Lied
Inge Bjørdal

Varamedlemer:

Rolleiv Berge
Ola Ødegård
Oddvar Gausdal
Liv Sørheim
Knut J. Tryggestad

Sekretær: Tordis Urke

Revisor: Sverre Drege

Sogelaget har dette året halde 9 styremøte og 55 saker har blitt handsama. Medlemstalet var ved utgangen av året 371, ein nedgang på 11 frå året før. Av desse er 4 døde.

Årsmøte.

Det vart halde årsmøte på Storfjord Kulturhus "Kalvehagen" den 2. april 2019 kl. 19:00. Leiar Jens Arne Hessegerde opna årsmøtet med å ønskje alle velkomne.

- Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
- Jens Arne Hessegerde vart vald til møteleiar, Tordis Urke til referent og Lars Jakob Skarbø og Margrete Slettebakk til å skrive under protokollen.
- Årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknader.
- Det vart stemt over ein auke av kontingenten med kr 50,- til kr 350,- pr år frå 2020.
- Framlegg om vedtektsendringar vedk. rullering og valperiode for medlemmane i valnemnda vart godkjent.
- Valnemnda v/ Anne Lise Lunde la fram valnemnda si innstilling og følgjande vart vald:

Styremedlemmar:

Jens Arne Hessegerde	ikkje på val	2018 - 2020
Harald Lied	ikkje på val	2018 - 2020
Fredmøy Wollen	ikkje på val	2018 - 2020
Ola Lied	attval	2019 - 2020
Inge Bjørdal	ny	2019 - 2020

Varamedlemmar:

Ola Ødegård	ikkje på val	2018 - 2020
Knut J. Tryggestad	ikkje på val	2018 - 2020
Rolleiv Berge	attval	2019 - 2021
Liv Sørheim	attval	2019 - 2021
Oddvar Gausdal	ny	2019 - 2021

Styreleiar:

Jens Arne Hessegerde	attval	2019 - 2020
----------------------	--------	-------------

Valnemnd:

Jarle Hole		2019 - 2020
Arne Ola Stavseng		2019 - 2021
Anne Lise Lunde		2019 - 2022

Revisor:

Sverre Drege	attval	2019 - 2020
--------------	--------	-------------

Representantar for Stranda Sogelag.

Tor Arne Tryggestad er Sogelaget sin representant i styret for Hellesylt Bygdetun.

Kåre Stadheim deltok i møte om sjøfart og sjøbruk i Storfjorden arrangert av Sunnmøre Museum.

Aktivitetar.

Sogelaget har eit stort varelager av bøker som vi i overskueleg framtid vil ha problem med å selje. Styret vedtok derfor å dele ut gratis bøker under Sommardagar på Hellesylt og Strandadagane. I alt 232 bøker vart delt ut under dei nemnde arrangement.

I tillegg fekk alle skulane og omsorgssentera i kommunen ein bokpakke med 7 ulike bøker i gåve.

Sogelaget hadde stand på årets Husflidsmesse på Storfjord kulturhus. Det vart selt bøker for i underkant av kr 1.000,-.

I 2019 vart det valt eit styre for Berge Trevarefabrikk. Desse vil no arbeide vidare med vernearbeidet for Berge Trevarefabrikk.

Det kom inn 3 forslag til Stranda Sogelag sin Vernepris i 2019. I sterk konkurranse vart det til slutt Solheim v/ Turid og Hans Jakob Fevang som gjekk av med sigeren

Kulturfesten.

Tysdag 4. november arrangerte Stranda Sogelag ein svært vellukka kulturkveld i Storfjord kulturhus der ca. 150 deltok.

Journalist Arill Riise heldt eit svært interessant foredrag om heimegarden sin Rise på Sæbø i Hjørundfjorden. Garden, eit klyngetun, vart teke av eit snøras i 1968 og Arill mista bror sin i raset.

Flotte musikkinnslag ved elevar frå musikkskulen.

Harald Lied delte ut Stranda Sogelag sin Vernepris til Solheim på Stranda. Turid og Hans Jakob Fevang tok i mot og takka for prisen. Som verdig vinnar fekk dei tildelt plakett utforma av Rolf Saure i tillegg til fine blomar.

Kaffipause med utdeling av årets Bygdeminne er fast innslag.

Vi fekk også sjå ein lokalhistorisk film med Emma Norbakk om hennar liv som eigar av Grand Kafe på Stranda.

Til slutt var det trekning av dei flotte gevinstane som næringslivet i Stranda kommune var såause å gi Sogelaget. Sogelaget er svært takksame for den positive støtta.

Det er god grunn til å takke festkomiteen for ein godt førebudd og gjennomført kulturkveld.

Bygdeminne.

Bygdeminne 2019 var nr. 36 i rekkja og hadde eit opplag på 600. Sidetalet er 195.

Styret i Sogelaget oppretta i 2018 ei ansvarleg gruppe for Bygdeminne der Harald Lied er leiar og redaktør. I gruppa er også Kåre Stadheim og Arne Inge Tryggestad. Denne gruppa har stått for både innsamling og produksjon av stoff. Arne Inge Tryggestad har stått for det grafiske arbeidet og all kontakt med trykkeri og innbindar.

Det vart i 2018 oppretta ei skrivegruppe som hjelper den ansvarlege gruppa med å digitalisere stoff som er innlevert til Sogelaget gjennom tidene. I 2019 vart skrivegruppa formelt utnemnd av styret. Sogelaget er svært takksame for dei trufaste leverandørane av stoff til Bygdeminne.

Foto- og filmregistrering.

Fotogruppa sine medlemmer vart også formelt utnemnd i 2019 med Kåre Stadheim som leiar. Gruppa, som no har 9 medlemmer, har utført eit stort registreringsarbeid også i år. Lars J. Skarbø har også dette året utført digitalisering og redigering av levande film. Nokre av desse har blitt synt på ulike tilstellingar.

Heimesida til Stranda Sogelag

Sogelaget si heimeside er no oppe og står. Tove Backström har gjort eit formidabelt arbeid med heimesida utan kostnad for Sogelaget. Årsmøtet rettar ein stor takk til Backström. Sekretær ordna med ein fin blomsteroppsats til jul.

4 personar fungerer som redaksjonsgruppe. Denne gruppa fekk ein fin gjennomgang og opplæring av Lars Thørner Woie i vinterferien. Som vederlag fekk han 5 bøker.

Tove Backström er administrator med Sogelaget sin sekretær som backup.

Økonomi.

Rekneskapan for 2019 viser eit underskot på kr 1 651,-

Tidspunkt for årsmøte.

Årsmøte 2020 var fastsett og annonsert til 31.3.20, men p.g.a. koronapandemien vart møtet utsett på ubestemt tid. Etter at pandemien i Norge ser ut til å vere slått tilbake, er årsmøtet fastsett til 28.5.20. Dei nasjonale reglane for smittevern vil bli følgde i møtet.

Stranda 28.05.20

Jens Arne Hessegerde Harald Lied Fredmøy Wollen Inge Bjørdal Ola Lied
Leiar

Val for neste periode.

Valnemnda har bestått av følgjande: Jarle Hole, Arne Ola Stavseng og Anne Lise Lunde. Anne Lise Lunde la fram valnemnda si innstilling:

Styret

Styremedlem: Velaug Vassbotn	2020-2022	ny
Styremedlem: Harald Lied	2020-2022	attval
Styremedlem: Fredmøy Wollen	2020-2022	attval
Styremedlem: Ola Lied	2019-2021	ikkje på val
Styremedlem: Inge Bjørdal	2019-2021	ikkje på val

Styreleiar: Velaug Vassbotn 2020-2021

Varamedlemmer:

Ola Ødegård	2020-2022	attval
Arne Ringdal	2020-2022	ny
Rolleiv Berge	2019-2021	ikkje på val
Liv Sørheim	2019-2021	ikkje på val
Oddvar Gausdal	2019-2021	ikkje på val

Valnemnd:

Kåre Stadheim	2020-2023	ny
Anne Lise Lunde	2019-2022	ikkje på val
Arne Ola Stavseng	2019-2021	ikkje på val

Revisor:

Sigmund Berge	2020-2021	ny
---------------	-----------	----

Stranda, 28.05.2020

Alle vart einstemmig valgt.